

# Søknad om driftsstønad frå VLFK

UngVest  
Barne- og ungdomsorganisasjonane på Vestlandet  
2020

Vestland fylkeskommune  
v/ Fylkessdirektør for Kultur og idrett Per Morten Ekerhovd  
5020 Bergen

Etter avtale med administrasjonen i Vestland Fylkeskommune (VLFK) sender UngVest inn søknad om driftsstønad for 2020 i slutten av 2020 for handsaming.

UngVest har hatt eit par turbulente år, og året 2020 har stort sett vore brukt på å nøste opp i tidlegare og noværande forpliktingar. Vi takkar for utsettinga og velvilje frå VLFK i denne prosessen.

Sidan ingen medlemskontingent vart kravd inn i 2019, har organisasjonen ingen medlemmar etter eigne vedtekter og VLFK sine krav. I 2020 har ein ettersendt faktura for medlemskontigent for 2019 og kravd inn medlemskontingent for 2020. Til no (03.11.2020) har 11 organisasjonar vald å betale denne, og det offisielle medlemstalet for 2020 vil bli minst 11 medlemsorganisasjonar. Tidlegare har det vore rapportert at UngVest har hatt 40 medlemsorganisasjonar, og arbeidet med å kontakte og kartlegge desse vil halde fram opp mot årsmøtet 2021.

På UngVest sitt ekstraordinære årsmøte 16.04.2020 vart det fatta førstegongsvedtak om nedlegging av organisasjonen. Sjå vedlegg: «*UngVest Protokoll ekstraordinært årsmøte 16.04.2020*», sak 4. Følgande arbeidsprogram vart utarbeidd i samband med dette.

## **Arbeidsprogram UngVest 2020-2021:**

- Redusere eller eliminere faste utgifter
- Førebu nedlegging av organisasjonen
- Følge opp revisjon av fylkeskommunen og opprydding av året 2019.
- Sjå på moglegheitene for å drive organisasjonen vidare i samarbeid med medlemsorganisasjonane

I dette arbeidet har UngVest engasjert ei arbeidsgruppe beståande av medlemmar av organisasjonar knytt til UngVest, som har vore involvert i å utarbeide budsjett og rydde opp i enkelte økonomiprosessar. To av tre medlemmar i gruppa er under 26 år, og har lært mykje om organisasjonsarbeid og politiske prosessar.

På tross av store reduksjonar i kostnadane i organisasjonen for 2020, har koronasituasjonen gjort det vanskeleg å skaffe seg ekstra inntekter. Det har heller ikkje latt seg gjøre å få nokon til å overta

leigekontrakta for kontorlokala, som har binding til 31.12.2020. Derfor er fleire av dei store utgiftspostane i budsjettet som før. Sånn situasjonen er no, er UngVest avhengige av å få driftstilskot for å dekke uteståande utgifter for 2020. Etter 31.12.2020 vil UngVest ikkje lenger ha løpende utgifter knytt til kontor eller personale. Etter at utgiftene for 2020 er dekka er ein fri til å forme UngVest til å bli den organisasjonen medlemsorganisasjonane og det nye fylket skulle ønske og sjå behovet for.

Vi ser at beløpet vi i år søker om er større enn det vi har fått innvilga tidlegare, og er derfor veldig fleksible på løysingar. Vi håpar at ei løysing av utgiftsproblema ein har her og no kan gjere at årsmøtet for 2020 i året 2021 kan ta eit reelt val mtp. nedlegging av organisasjonen. Etter samtalar med VLFK og nokre av medlemsorganisasjonane er ein organisasjon som UngVest noko som kan vere ein ressurs om ein kan konsentrere seg om barne- og ungdomsarbeid.

For året 2020 søker UngVest om 860 000 kr i driftstilskot, eventuelt at deler av summen vert løyva som eit lån etter nærmare avtale med VLFK.

Med venleg helsing

Styret og arbeidsgruppa i UngVest

*Sylstein Ramljøig  
Leiar UngVest*